

Lindås sogelag
Meland sogelag
Radøy sogelag
Lyngheisenteret

Prosjektomtale – bygging og bruk av kopi av åttæring frå Austfjorden i Lindås kommune.

Båtbyggjaren.

Lindås sogelag har i samlingane sine eit flott eksemplar av ein Midt-Vestlandsbåt (foto i vedlegg 6). Båten, ein åttæring og råseglbåt, er bygd i Dyrdal i Austfjorden av den kjende båtbyggjaren Jon Johnsen Kikall (vedlegg 7) på slutten av 1800-talet. Han budde for det meste på Sør-Kvingo i Austfjorden og bygde båtane i naustet sitt eller heime hjå dei som skulle ha båtane.

Båten som Lindås sogelag har, er ikkje lenger sjødyktig, men har mange fine detaljar som er typiske for båttypen.

Kommunal bruk av ein nybygd båt.

Frå 01.01.2020 vert dei tre kommunane Lindås, Meland og Radøy slått saman til Alver kommune. Ein nybygd kopi av båten frå Austfjorden kan i tillegg til anna bruk vera «representasjonsbåt» for den nye Alver kommune. Kommunevåpenet til denne kommunen inneheld ei stilisert form av ei bru og ein båt. Dersom ein får pengar til rigg og råsegl, kan ein då plassera kommunevåpenet og kommunenamnet på seglet. Ein vil difor óg søkja dei tre kommunane om støtte til bygginga. Båtbygging har lange tradisjonar i området. På Mangersnes på Radøy er det gjort funn som viser at det har vore bygd båtar der i mange hundre år.

Dokumentasjon av byggemåte.

Det er i dag ingen som byggjer båtar av denne typen frå Nordhordland. Då ein tok kontakt med Hardanger fartøyvernssenter og dei var interessert i å byggja ein kopi av båten frå Austfjorden, såg ein for seg at det kunne føra til ein god dokumentasjon av byggemåten for denne typen klinkbygde båtar frå Nordhordland (sjå vedlegg 2 og 3).

Tankar om bruk av ein nybygd båt frå Austfjorden.

Den nybygde båten skal i hovudsak brukast ved Lyngheisenteret (sjå vedlegg 4 og 5). I tillegg kan skulane i området, sogelaga og andre lag og organisasjonar bruka han. Ein slik stor båt var brukt til mange ting: Skyssbåt for prest, lensmann og jordmor i tillegg til å frakta folk til og frå kyrkje i samband gudstenester, bryllaup, dåp og gravferd.

I 2024 er det 1000 år sidan Olav den heilage og biskop Grimkjell bestemte at Hamre skulle vera ein sentral kyrkjestad på Vestlandet. Dette året, 2024, kan det vera naturleg å bruka tradisjonsbåtar for å vera med på ei slik historisk markering.

Den opphavlege båten frå Austfjorden var ei felles eige av gardane Dyrdal og Skår. Den var brukt til mellom anna å frakta kyr til og frå beite og til fiske. Bruk av slike båtar kan forteljast vidare til elevar og andre som ikkje er kjende med korleis folk levde her i Nordhordland i tidlegare tider.

I den nye Alver kommune er det i tillegg til sjøstrekningar for roing og segling óg nokre større vatn som båten kan brukast i. Enkelte av vatna er så store at ein kan bruka segl i tillegg til roing.

Plassering og transport av den nybygde båten.

Det er laga eit grindbygd naust som kan setjast opp på ein eigna stad. I tillegg er det viktig å ha ein båttilhengar slik ein lett kan flytta båten rundt til ulike stader i området. Pengar til ein slik tilhengar er tatt med i det totale kostnadsoverslaget.

Knarvik 06.02.19.

Jon Arne Hopsdal
Jon Arne Hopsdal
kontaktperson for prosjektet